



## Notat

Dato: 22.02.2017  
Arkivsak: 2015/3680-9  
Saksbehandlar: gunradd

---

<b>Til:</b>	Utval for miljø og samferdsel Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Sykkelbyen Stord - ein statusrapport

#### Bakgrunn

Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Stord kommune har inngått ny Sykkelbyavtale for åra 2017 – 2020, sjå vedlegg. Målet med avtalen er målretta satsing på sykkeltilrettelegging, samt arbeid for å promotere sykling som reisealternativ. Det er ikkje etablert eigen styringsgruppe for sykkelbyen.

#### Om arbeidet så langt

I samband med politisk handsaming av ny sykkelbyavtale i Stord kommunestyre (sak 74/16) ble det gjort greie for arbeidet som har vore utført i avtaleperioden for 2013-2016.

#### «Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Sykkelbyprosjektet har vore drive av ei sykkelbygruppe/ prosjektgruppe med representantar frå Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Stord kommune. Frå Stord kommune har plansjef, fagansvarleg plan på RBO, fagansvarleg veg, folkehelsekoordinator og konsulent idrett og friluftsliv vore med. Stord kommune har hatt prosjektleiinga.

Sykkelbyen Stord er gjennom sykkelbyavtalen med i sykkelbynettverket for Region vest. Nettverket har ei årleg samling der ein utvekslar erfaringar og får påfyll av ny kunnskap.

Prosjektet har rapportert til formannskapet og fylkesutvalet.

Til no er følgjande tiltak gjennomført eller under planlegging:

- Har laga prosjektplan
- Har oppretta eiga nettside for sykkelbyen Stord og sykkelbyen Stord er på facebook
- Søkt om og fått statleg tilskot over tilskotsordninga for auka sykkelbruk til følgjande prosjekt:
  - o 5,5 mill.kr til gang-/ sykkelveg Skrivarvegen/ Borggata – byggestart årsskifte 2016/ 2017
  - o 0,57 mill.kr til gang-/ sykkelveg Kårevikvegen – byggestart sept/ okt 2016
  - o 1, 0 mill.kr til sykkelparkering – er gjennomført
- Fått delfinansiert og bygd gang-/ sykkelveg Valvatne – Heiane i samarbeid med vatn og avløp og næringsaktør
- Utbeta del av Nordsjøsykkelruta over Lønning
- For 2017 er det søkt om tilskot til:

- Rommetveitvegen på strekninga Haga - Høgskulen
- Fullføring av Skrivarvegen-/ Borggataprojektet fram til Møllebrua
- Gjennomført sykkelveginspeksjon langs E39 Føyne – Sandvikvåg
  - Har m.a. resultert i at bygging av undergang i Førlandskrysset og av gang-/ sykkelveg på strekninga Grov – Boravik vert bygd i løpet av 2017
- Har kjøpt inn og delt ut diverse profileringsprodukt med logoen til Sykkelbyen Stord
- Har hatt stand i samband med Tour des Fjords
- Har arrangert sykkeldag i samarbeid med sportsbutikkar og Sykleklubben Stord
- Har lista opp og konkretisert aktuelle gang-/ sykkelvegprosjekt i Stordpakken
- Har fått utarbeidd forslag til reguleringsplan for miljøgate med m.a. hovudsykkelveg gjennom Leirvik sentrum frå Vabakkjen til Kunnskapshuset – klar for 1. gongshandsaming des. 2016
- Har fått utarbeidd forslag til reguleringsplan for hovudsykkelveg langs E39 frå Heiane til Vabakkjen – klar for 1. gongshandsaming nov. 2016

Den statlege tilskotsordninga for tiltak for auka sykkelbruk finansierer inntil 50 % av aktuelle tiltak, og for å få tilskot er det er krav om ein lokal eigeninnsats på minst 50 % av tiltaket sin totale kostnad. Skrivarvegen/ Borggata og Rommetveitvegen er fylkesvegar der fylkeskommunen finansierer den lokale eigenandelen. Føringer for tilskotsordninga er elles at det skal vera vedteken reguleringsplan for prosjektet på søknadstidspunktet eller vera prosjekt som kan gjennomførast utan reguleringsplan.»

Den 21.02.2017 vart det kjent at Sykkelbyen Stord fekk tildelt statlege tilskotsmidlar i tråd med søknad til utbetringar på Rommetveitvegen og Skrivarvegen. Til saman var tildelinga på 6,25,- mill kr til sykkelbyen Stord. I tillegg kjem fylkeskommunen sin eigenandel på, 50 % dvs 12, 5 mill kr totalt.

Ein fordel med å ha status som sykkelby er at dette kan gi tilgang til ekstra midlar ved ulike fordelingar og eit konkurransefortrinn i søknader om statlege midlar. Totalt sidan oppstart er Stord sykkelby tildelt ca 40 mill kr til ulike sykkelprosjekt. Dette inkluderer både ulike statlege og fylkeskommunale midlar (i hovudsak eigendel som er løyvd i samband med søknad om statlege tilskotsmidlar). Dei største summene går til g/s-veg på utvalte strekningar, men det er og sett av midlar til småutbetringar etter gjennomføringa av sykkelveginspeksjon, ulike arrangement, film og sykkelparkering. Hordaland fylkeskommune vil i tillegg ta ansvaret for å etablere sykkelparkering ved Stord vidaregåande skole i 2017.

#### Vedlegg

##### 1 Sykkelbyavtale for Stord 2017 - 2020